

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FA-X47	19/1878

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
37/2019	Eldrerådet	PS	19.09.2019

Testament for Malvin Hylland

Vedlegg:

Særutskrift frå møte i Meland helselag 22.08.2019 - Testament for Mallvin Hylland - offentlig versjon

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det ligg føre vedtak frå Meland helselag gjort i styremøte 22.08.2019 vedtk. testament d. 09.03.2009.

Eldrerådet vil gjere eit vedtak i saka som vert sendt til det nye rådet i Alver kommune.

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet - 37/2019

ER - behandling:

Det vart halde møte i Trivselskomitéen 2. september 2019.

ER – samrøystes vedtak:

Meland eldreråd ber det nye rådet ta omsyn til det som heilt klart er testators siste vilje, og at midlane som blir delte ut blir nytta til tiltak i tidlegare Meland kommune.

Meland eldreråd ber også om at dei 4 personane som blir peika ut har tilknytning til tidlegare Meland kommune.



Vedkomande testament for Malvin Hylland 051023 5918 Frekhaug.

Val av 4 personar som saman med 1 person frå Meland helselag skal ha ansvar for tildelingar av den testamentariske gåva.

Historikk:

Malvin Hylland 5918 Frekhaug oppretta eit testament d. 09.mars 2009 der det går fram at alt han etterlet seg skal tilfalla Meland helselag. eland helselag skal oppretta eigen bankkonto, og kasserar i helselaget har fullmakt mot banken til å disponera kontoen.

Vurdering:

Utifrå formuleringane i testamentet er det ikkje sett nokon geografisk avgrensing av kvar midlane skal brukast, men det er heilt klårt at testator har meint at midlane skal brukast innafor det geografiske området som i 2009 utgjorde Meland kommune.

Ved skiping av Alver kommune må kommunen oppretta lovpålagde råd i samsvar med gjeldande forskrift. Korleis dette rådet (råda) skal vera samansett er p.t. uklart – men Meland helselag er opptekne av at dei 4 personane som skal peikast ut av dei nye råda skal ha tilknytning til Meland kommune.

Framlegg til vedtak:

Meland helselag ber dei nye råda ta omsyn til det som heilt klårt er testators siste vilje, og at midlane som blir delte ut blir nytta til tiltak i tidlegare Meland kommune.

Meland helselag ber også om at dei 4 personane som blir utpeika har tilknytning til tidlegare Meland kommune.

Framlegget samrøystes vedteke av Meland helselag i styremøte 22.08.2019

